



**Styre:** Universitetsstyret

**Dato:** 05.02.2020

**Styresak:** 17/20

**Arkivsaksnr:** 2018/1724

**Møtedato:** 20.02.2020

---

## Endringar i UiBs opptaksforskrift

---

### Saka gjeld:

Saka gjeld detaljreglar om utrekninga av det numeriske gjennomsnittet som blir til karakterpoeng ved opptak til toårig master og PPU. Dette har vist seg å vere mindre klart enn vi trudde på nokre punkt. Slik uklarheit kan føre til misforståingar, forseinkingar og inkonsistent praksis i rangeringa. I aller verste fall kan det bli gjort urett mot søkerar. Endringane er av teknisk art, og det er ikkje meininga å gjere realitetsendringar, berre presiseringar. Det er likevel reglar av ein art som direkte rører ved søkerane sine rettar, og derfor bør dei stå i forskrifta. Det er styret som har vedteke forskrifta, og derfor er det styret som må gjere endringane.

### Framlegg til vedtak:

I «Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen» gjer styret desse endringane:

1. I § 2-2 (3) b) skal formuleringa «minimum karakteren C (3,0)» endrast til «minimum karakteren C (3,00)».
2. I § 5-4 (1) a) vert det lagt til eit nytt andre punktum, slik: «Dersom utrekninga gir meir enn to desimalar, skal alle frå og med den fjerde desimalen strykast. Ein eventuell tredje desimal vert nytta til å høgne den andre desimalen, etter vanlege rekneregular.»
3. Endringane i punkt 1 og 2 tek til å verke frå 01.03.2020.

Kjell Bernstrøm  
universitetsdirektør

05.02.2020/Per Gunnar Hillesøy/Christen Soleim (avd.dir.)

## **Saksframstilling**

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
17/20

Møtedato:  
20.02.2020

Arkivsaksnr:  
2018/1724

## **Endringar i UiBs opptaksforskrift**

### **Bakgrunn**

Det viktigaste rangeringsgrunnlaget for opptak til dei fleste masterprogramma våre er eit vekta gjennomsnitt av karakterane på dei emna som inngår i opptaksgrunnlaget; karakterpoenga. I forskrifta er det gitt nokså detaljerte reglar om utrekninga, men det har likevel kome fram at nokre fakultet og fagmiljø ser delar av regelverket som uklart.

### **Reknespørsmålet**

Karakterpoeng skal reknast ut med to desimalar, slik at resultatet til dømes kan bli 3,72. Den siste desimalen kan gjere utslaget når det er konkurranse. Uvissa som har oppstått, gjeld om ein eventuell tredje desimal skal strykast eller nyttas til å høgne den andre desimalen..  
Døme: Kan eit snitt på 3,727 høgnast til 3,73 eller må det bli 3,72? Praksis er at dette ville blitt 3,73. Fordi denne forskjellen kan bli avgjerande, bør det ikkje vere uklårt kva som er regelen.

### **Forskriftsteknikk**

Vi meiner og at minstekravet for opptak til master i § 2-2 (3) b) bør stå som «3,00» og ikkje «3,0» som i dag. Dette rører ikkje ved den etablerte forståinga av det som ofte vert kalla C-kravet, og heller ikkje ved det unntaket frå C-kravet som Det humanistiske fakultet har fått. Å berre bruke ein desimal i § 2-2, medan det i alle andre samanhengar er vanleg med to, er ikkje heldig.

Endringane er så små at saka ikkje har vore på høyring.

### **Universitetsdirektøren sine kommentarar**

Opptak, og særleg rangering, er ofte detaljorientert, og då er det viktig at detaljane er så eintydig skildra som råd. Det som er framleggjett her, er allereie etablert praksis. Oppstår det uvisse om noko så potensielt avgjerande som utrekninga av karakterpoeng, bør det avklarast. Det er vår oppfatning av det neppe er nok å gjere det i retningsliner, og derfor ønskjer vi å få det inn i forskrifta. Det bør også vedtakast no, slik at reglane er på plass i god tid før søknadsfristen.

05.02.2020/ Per Gunnar Hillesøy/Christen Soleim (avd.dir.)